

Rådmann i Voss herad, kommunedirektør i Vaksdal

Etter nyttår vil Arild M. Steine framleis ha tittelen rådmann i Voss herad, medan kollegaen i Vaksdal kan verta kommunedirektør.

► VOSS/VAKSDAL

Det er den nye kommunelova som oppmodar om å få bort nemninga rådmann, som ikkje er noko kjønnsnøytralt ord.

Ikkje heradsdirektør på Voss

– Dette har vore drøfta i ei arbeidsgruppe tidlegare, og eg har i alle fall ikkje noko ynskje om å verta kommunedirektør, seier Steine, som altså ikkje endrar tittel når Voss og Granvin vert eitt etter nyttår.

Han smiler litt til at om ein skulle endra, så hadde vel det rettaste vore heradsdirektør – og ikkje kommunedirektør.

– Ja, det er sjølvsagt eit poeng. Men no er det ikkje aktuelt hjå oss, og me får ta den diskusjonen når den eventuelt måtte koma, seier Steine.

Klar for endring i Vaksdal

Kollega Atle Fasteland i Vaksdal, er av ei litt anna mening. Til kommunestyremøtet måndag rår han til å endra sin eigen tittel frå rådmann til kommunedirektør. Det kjem fram av ei



DIREKTØR: Rådmann i Vaksdal, Atle Fasteland, vert kommunedirektør etter nyttår.
FOTO: JAN-EGIL DYVIK/ARKIV

sak som vert send ut til politikarane torsdag.

– Samfunn og strukturar er i endring og nemninga rådmann er kanskje ein noko gammaldags tittel, heiter det i utgreiinga.

På den andre sida er nemninga rådmann innarbeidd og folk flest veit kva ein rådmann er. Kommunedirektør, kommunaldirektør og andre titlar som er brukte i kommune-Noreg kan lett forvekslast og føra til mistydingar.

– Eg trur likevel at tida er inne for å endra tittel på den øvste administrative leiaren i Vaksdal. Etter som tida går vil truleg fleire og fleire kommunar velja den nye tittelen, seier Fasteland.

Ingen andre endrar namnet

Etter ein kjapp telefonrunde til dei andre kommunane i området vårt, er det ingen andre som har planar om å endra tittelen på rådmannen sin med det fyrste.

Dei som bur i Ullensvang herad i dag, vil måtte venja seg til å bruka kommune i framtida, nett som gravensarane. Vossingane skal endra til heradsnemninga.

Kan avgjera sjølve

Kommunelova av 1992 brukar tittelen administrasjonssjef om den øvste administrative leiaren i ein kommunen. I praksis har likevel rådmann vore mykje brukt.



RÅDMANN: Arild M. Steine vert rådmann i Voss herad.

FOTO: TERJE HJARTNES/ARKIV

I den nye kommunelova er kommunedirektør nytta, men kommunen/heradet har framleis høve til sjølv å avgjera tittelen.

– I arbeidet med lova har det vore eit mål å etablera eit tydeleg skilje mellom administrasjon og folkevalde. Det er også eit tydeleg krav om at ei utgreiing skal gje faktisk og rettsleg grunnlag for å fatta eit vedtak, og det skal setjast i verk utan ugrunna opphald.

Løpande personalansvar

Nytt er også at kommunedirektøren har det daglege overordna personalansvaret for kvar tilsett. Tilsetjing, oppsei-

ing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar, er lovfesta. Sik er kommunedirektøren si arbeidsgjeverrolle tydelegare enn tidlegare.

Overordna arbeidsgjever- og personalpolitikk er framleis kommunestyret sitt ansvar.

– Men det «løpende» personalansvaret ligg hjå kommunedirektøren. Kommunestyret kan ikkje velja å gje kommunedirektøren mindre personalansvar enn det som fylgjer av lova, seier Fasteland.

► Jan-Egil Dyvik

jed@avisa-hordaland.no

Tilsette i Felleskjøpet streikar

Frå tysdag morgon er Felleskjøpet Agri i streik. Butikken er likevel open, då ikkje alle tilsette er tekne ut i streik.

► VOSS

– Det er uvisst kor lenge dette vil vara, det er opp til leiinga, seier streikeansvarleg ved butikken på Tvildemoen på Voss, Inge Ygre.

Voss og Vaksdal

I våre område vil butikken på Tvildemoen og Felleskjøpet si avdeling på Vaksdal, verta råka.

Saman med Asle Skjerven hengde dei opp plakatar ved butikkdøra og skal stå streikevakt utanfor. Fire personar på Voss vil verta råka av streiken.

På Vaksdal er det mellom anna produksjon av kraftfor som vert råka, og me får opplyst at det er to personar som skal vera i streik her.

Avtalte rettar

I eit flygeblad heiter det at Felleskjøpet Agri skal byta arbeidsgjeverorganisasjon frå Spekter

til NHO. I den samanhengen krev dei tilsette å sikra rettane sine, som i dag er regulerte i avtalen dei har.

Det gjeld mellom anna full løn under sjukdom og svangerskapspermisjon/fødsel, gruppelevsforssikring, tillegg for sein arbeidstid og helgedagstillegg.

– Våre krav om behalda dei avtalte rettane vil ikkje påføra arbeidsgjevaren ei einaste krone meir i kostnader, heiter det i flygebladet.

Forhandlingar braut saman

Måndag føremiddag møttest Negotia/YS og arbeidsgjeverforeininga Spekter hjå Riksmekklaren om lønsoppgjeret i Felleskjøpet Agri. Fristen for å koma til semja var ved midnatt, men natt til tysdag vart det brot i forhandlingane.

Dermed går 352 av Negotia sine medlemmer i Felleskjøpet Agri ut i streik frå i dag tysdag.

Felleskjøpet beklagar

Felleskjøpet seier seg lei for at meklinga mellom YS og Spekter ikkje førte fram, Streiken får konsekvensar for store delar



STREIK: Tidleg tysdag morgon vart det hengt opp plakatar av Inge Ygre (til vesntre) og Asle Skjerven, om streiken i Felleskjøpet Agri.

FOTO: JAN-EGIL DYVIK

av Felleskjøpet si drift, går det fram av nettsida deira.

– Det er uforståeleg at eit lønsoppgjer som vart akseptert av alle dei andre fagforeiningane i Felleskjøpet ikkje er godt nok for Negotia/YS. Dei vel i staden å ta medlemmane sine ut i ein streik som vil ramma både Felleskjøpet og kundane kraftig, seier admi-

nistrerende direktør Anne-Kari Bratten i Spekter.

Streiken vil ramma Felleskjøpet si verksemd over heile Noreg. Mellom anna vil fleire butikkar, salsapparat, logistikk og fabrikk på Kambo verta råka, heiter det.

► Jan-Egil Dyvik

jed@avisa-hordaland.no

Pirka på den kommunale språkbruken

► **VOSS:** – Det står i kommuneplanen at Voss herad skal vera eit sterkt regionsenter. Det kan ikkje vera korrekt ordbruk, det er Vossevangen som skal vera eit sterkt senter, formana Ingebjørg Winjum i fellesnemndmøtet fredag. Ho fann denne setninga i kommuneplanen, og ho oppmoda om at administrasjonen må gå gjennom dette. – På same viset heiter det at Voss skal vera ei bygd for opplevingar. Det finst mange bygder, ikkje berre Voss, påpeika Winjum. Det er særleg i samfunnsdelen i kommuneplanen det finst slike døme, og her må ein vera meir nøye, påpeika Winjum. Arne Mosefinn (KrF), var heller ikkje heilt nøgd med omslagsbiletet til planen. – Her er det berre bilete av vellukka menneske i heller ung alder. Slik er det no ikkje då, og bileta må visa eit større mangfald. Bileta gjeld i alle fall ikkje for meg, smilte Mosefinn godmodig.